

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg Referat

Møte:	4 - 2023, (25.august-23)
Dato/tid:	Kl. 9 - 15
Stad:	RNH, 6.etg rom 6011 - Alver

Til stades:

Mona Molland (Gulen) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Annika Tvedt Villanger (Fedje), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Solrun Hauglum (teams) Kathrin Omland (RNI), Anita Bjørsvik Kvamme (RNI) og Helge Kvam (Alver – for Leni Dale)

Forfall: Leni Dale (Alver)

Møteleiar: Kristin Ruud Myking (Osterøy)

Referent: Kathrin Omland (RNI)

Vedlegg til saker i mappe (link).

Saksnr.	Saker	O/D/V
33/23	<p>Godkjenning av innkalling og saksliste</p> <p>Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.</p>	V
34/23	<p>Godkjenning av referat frå møte 3 – 2023 (link) Referat møte 3 - 2023 Kommunalsjefgruppa for HO 09.juni-23.docx</p> <p>Vedtak: Referat frå møte 3 -2023 godkjend med ein merknad:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ang sak HelseRespons. Ventar på notat frå kommunedirektørgruppa. Kathrin kontaktar Lars Tveit for avklaring. 	V
35/23	<p>Aldring og Helse (sak 29/23) v/ Christine Wadel (teams). Fagbrev helsefagarbeidarar – lokal klasse - info om evt tilbod frå januar-24.</p> <p>Fagbrev helsefagarbeider - Nasjonalt senter for aldring og helse</p> <p>Orientering:</p> <p>Aldring og Helse (AH) informerte om deira tilbod:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ein opplæringsplan for ufaglærte / pleieassistentar - ein fagveg - rettleiing og undervisning. AH følger praksiskandidatane (PK) (elevane) heilt til dei står med fagbrevet i handa. Dei følger PK tett og kontinuerleg pr teams og tlf i tillegg til 4 fysiske samlingar. Bør ha B2 norskkurset, men det er ei individuell vurdering. Dei er «tett på» og ringer rundt for å sikre seg at PK har fagforståing, brukar teams og får rettleiing på oppgåver. 	O

	<ul style="list-style-type: none"> - Aldring og Helse tilbyr skulen gratis – tek ikkje betalt for jobben de gjer. Dei dekker og utgifter til fagprøven + evt VG1 og VG2 eksamen ved behov. Dei fleste elevane er vaksne over 25 år. AH får midlar årleg frå HDIR. 89 personar fekk fagbrev sist år. <p>Kven kan delta:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Må ha 60 mnd praksis i 100% stilling for å kunne ta fagbrev. Elevane må ha 40 mnd praksis for å kunne starte på teorien. Får ikkje avkorting frå vg 3 eksamen. Det er fylket som godkjenner praksis mnd for kvar enkel elev. <p>Forventningar til kommunen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunane bør legge til rette for kvar enkel PK. Dei må og ha ein vegleiar på sin arbeidsplass. PK må ofte ha hjelp til å gå frå assistent til elev – forandring i rollen. <p>Eventuell oppstart:</p> <ul style="list-style-type: none"> - AH moglegheit til å starte ei gruppe i Nordhordland / RNH på nyåret eller til hausten.24 – må ha 20 – 25 deltakarar med nok praksis. <p>Drøfting:</p> <p>Gruppa spør om det evt vera mogleg å få til ei klasse med for eksempel Ukrainske flyktningar? Korleis løyser vi det? AH må søke saman med ei kommune for å få dette til. Kan det etter kvart bli eit prosjekt? Evt rigge ei arbeidsgruppe som kan skrive ein søknad til for eksempel mars-24 – dette kan takast på neste kommunalsjefmøte 20.oktober.</p> <p>Kan «fagbrev på jobb» være eit raskare løp? Erfaringa i kommunane er at det tar lang tid før ein elev får tatt sitt fagbrev.</p> <p>Gruppa må kartlegge dedikerte kandidatar i kvar kommune - Bør vi ta ein ta eit kort teamsmøte i sept for avklaring?</p> <p>Vedtak: Kommunalsjefgruppa takkar Aldring og Helse for orienteringa. Gruppa støttar at kvar kommune undersøker om dei har aktuelle kandidatar og samlar det til felles teams møte september. Kathrin / Anita kallar inn til teamsmøte.</p>	
36/23	<p>«Bærekraft på legekantoret» - utforme vedtak som Rune H tek vidare til Kommunedirektørgruppa. Bærekraft på legekantoret</p> <p>Sak Søknad om midlar til prosjekt Bærekraft på legekantorene.docx</p> <p>Vedtak: Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa. Gruppa støttar at Rune legg fram forslag til vedtak i Kommunedirektørgruppa om å søke midlar til prosjektet.</p>	D/V
37/23	Ernæringsprosjektet v/Anne Merethe Reknes	O

	<p>Vedlegg sak 37/23:</p> <p>Komm.sjefmøte august 2023.pptx</p> <p>Orientering og drøfting:</p> <p>Prosjektleder Anne Merethe Reknes presentera status prosjekt.</p> <p>Status prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er ønske frå prosjektleder om eit felles ernæringsnettverk i Nordhordland. - Prosjektet har plan om å ta i bruk digital undervisning. Dessverre er mange digitale ernæringskurs ikkje oppdatert fagleg etter nye retningslinjer. Kommunane har ikkje felles journalsystem. Fleire faglege ernærings kurs er under oppdatering. - Ynsker å få til ein fagdag på Helsehuset – mål om å samle eit ernæringsnettverk – ernæringskontaktar. Bør være obligatorisk for pilotkommunane, evt og for andre ernæringskontakter. Viktig med kompetanseheving for alle kommunane. Det er ikkje pålagt med ernæringskontakter i kommunane, men meir og meir vanleg. Ein ser at det fungerer. Held fokus på ernæring. Ulikt frå kommune til kommune. Fleire kommunar har faste ernæringskontaktar no. <p>Behov for innspel frå kommunalsjefsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Anne Merete får mykje faglege spørsmål frå ulike tilsette i kommunane. Ho ynskjer innspel frå kommunalsjefsgruppa kor skal ho sette grensene. Det er ønske frå piloten å utvikle ein varig modell. Samtidig – litt av gevinsten er at ein får noko påfyll som bør gjelde alle fortløpande. Mål er å sikre at alle kommunane får delta i kompetansehevinga. Spm vil minka når ein får løfta kompetansen ute i kommunane. Rådgeving utifrå kapasitet. Å være på tilbodssida vil være et fordel for prosjektet. Stillinga er økt til 80% frå 01.september. Å dele erfaringar på ei felles teams gruppe kan være ein fora. Meir forutsigbart. <p>Innspel frå kommunalsjefsgruppa/Anita:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Viktig å bruke kunnskapssenteret og nyheitskanalar vi har her — temamøte / seminar – planlegge saman. Anita og Kathrin kan hjelpa med dette. - Innspel om ein kan kopla prosjektet mot «læring og meistring» – Friskliv. <p>Vedtak: Kommunalsjefsgruppa takkar for fin orientering. Gruppa støttar at prosjektet fortsett å vidareutvikle og vidareformidle kunnskap innan ernæring i Nordhordland.</p>	
38/23	<p>Kommunale fysioterapeutar i NH – kompetanse og samarbeid - Oppfølging av sak 32/23 –</p> <p>Drøfting:</p> <p>Innspel kjem frå fysioterapeutar lokalt: Dei kjem til kort med fleire oppgåver. Tidlegare kunne dei vidareformidle pasientar for eksempel Bergen eller Alver, det kan ein ikkje lenger. Utfordringar er for eksempel lymfedrenasje osv. Det er</p>	D

	<p>sprengt kapasitet. Ein må prioritere pasientar frå egen kommune. Betyr at nokon kommunar ikkje kan tilby spesialisert behandling.</p> <p>Innspel frå kommunalsjefsgruppa: Kan vi ha eit felles nettverk i Region Nordhordland? Kan vi dele på kompetansen vi har? Ein må erkjenne at en ikkje kan ha spesialkunnskap på alt. Spesialbehandingar tar lang tid – for eksempel psykomotorisk terapeut og lymfedrenasje. Det er ikkje eit lovkrav at kommunane må ha fysioterapeut spesialistar. Kan ein be Fagrådet for fysioterapeutar i Nordhordland lage oppdatert liste over spesialisering for kartlegging av kompetanse og omfanget pr i dag?</p> <p>Vedtak: Gruppa støttar at ein tar kontakt Fagrådet for fysioterapeutgruppa i Nordhordland for å kartlegge kva kompetanse vi har i regionen.</p>	
	<p>Lunsj og open time – 11.00 – 12.00</p> <p>Aktuelt tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Drøfting: Organisering av koordinerande eining i kommunane og oppfølging av individuell plan (Tonje). <i>Utset til neste møte.</i> • Styringsgruppe for kreft og lindrande behandling – vurdere endring av representant (Kristin) Vedtak: Mona tek over denne. 	
39/23	<p>KOMPIS – v / Tonje og Anne Hildegunn – oppfølging av sak 26/23 Presenterer saka og søknaden som skal presenterast til kommunedirektørgruppa 01.09.23.</p> <p>Innspel: Bør oppvekstreforma / barnevernsreforma og være med i søknad? Kopling til forebyggande plan. Søknad om midlar går til utdanningsstillingar.</p> <p>Sak Søknad om midlar til utprøving og implementering av KOMPIS-prosjektet.docx</p> <p>KOMPIS - søknad om midlar til planlegging, modellering og utprøving UTKAST 08.2023.docx</p> <p>Vedtak: Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa.</p>	O
40/23	<p>Mandat – v / Anne Hildegunn, Mona og Kathrin</p> <p>Gjennomgang av mandat – alle går gjennom kommunalsjefmandatet og kjem med innspel. Noter direkte i dokumentet. Fagmandatene blir sendt ut til faggruppene for innspel.</p> <p>Vedtak: Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa. Gruppa støttar at ein send ut link til kommunalsjefmandatet og alle les gjennom og kjem med innspel direkte i dokumentet. Gjennomgang i teamsmøte i september og godkjenning i neste møte 20.oktober. Faggruppene kjem med innspel på sine mandat før neste kommunalsjefmøte.</p>	O

41/23	<p>Eventuelt:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fastlegerepr. prosjekt DSK/DHO (Alver og Austrheim) (Kathrin) Prosjektet kallar inn til eige teamsmøte for avklaring. • Info om fastlegemøte 13.september kl 16.30 – 19.00 (Kathrin) Innspel:<ul style="list-style-type: none">- Kan møte takast opp?- Vil møte telje som timar i grunn- og etterutdanning i allmenmedisin og samfunns medisin? Kathrin undersøker dette. • Fag- og tenesteutviklingsatsinga (Anita)<ul style="list-style-type: none">○ Kort presentasjon av Del2 Handlingsplan○ Informasjon om og ønskje om innspel på aktivitetar i to av tiltaka i handlingsplanen:<ul style="list-style-type: none">▪ Utarbeide system for kunnskapsdeling av utviklingsarbeid, prosjekt og forskingsaktivitet på ulike nivå i regionen.▪ Temamøte/seminar Pakkeforløp hjerneslag fase 2. <p style="text-align: center;"><i>Saka flyttast til neste møte.</i></p>	